

---

**Fra:** Anne-Lise Næs Olsen  
**Sendt:** 5. oktober 2015 13:44  
**Til:** 'John.Martin.Jacobsen@hfk.no'  
**Kopi:** Anny Bastesen  
**Emne:** Trafikksikring ved Holme Forretningsområde - Meland kommune  
**Vedlegg:** Vegteikningar til reguleringsplan - gnr. 10 bnr. 85 m.fl - Holme (L)(30653).pdf

Hei.

Me viser til telefonsamtale med dykk i dag ang. trafikksikring ved Holme Forretningsområde. Me er svært glad for at de vil vurdere situasjonen vår.

Reguleringsplan for Holme Forretningsområde vart vedteken 6.2.2013. Den inneheldt m.a. undergang under fv. 564. Me er no inne i ein prosess der forslagsstillar vil endre reguleringsplanen, men det viser seg å ta svært lang tid. Me finn at dette er ugunstig både for utbyggjar og for kommunen.

Det vart i februar 2014 varsla oppstart av reguleringsendring der ein ønska å ta ut bustadformål i reguleringsplanen, samt flytte undergang mm. I juli 2014 vart det på nytt varsla oppstart av endring der ein ville ha undergangen på same stad som den opphavleg var godkjent.

Statens vegvesen hadde 12.09.14 ein god del merknader, sjå vedlegg.

Det vart 19.11.14 halde eit uformelt møte mellom kommunen, forslagsstillar og Statens vegvesen.

Vegvesenet meinte då at vedteken plan ikkje er gjennomførbar slik den er godkjent. Dei meiner difor at utbyggjar må omregulere for å kunne bygge.

Vegvesenet ynskjer at utbyggjar strekkjer seg langt for å innfri krava, og foreslår å flytte heile krysset lenger aust. Dei meiner at dette uansett lyt gjerast på eit seinare tidspunkt. Dette m.a. fordi her er føreslege meir utbygging i området, som vil føre til auka aktivitet ,og igjen gje meir behov for sykkelveg mm. Dei meiner også at planlagt forretning i seg sjølv vil generere meir trafikk.

Vegvesenet meinte også at området er for trangt kring busslommene, og ynskjer at planområdet vert trekt lenger ut på begge sider av fylkesvegen.

Administrasjonen meiner at gjeldande reguleringsplan er eit vedteke og juridisk bindane dokument, og at det er uheldig dersom spørsmåla kring veg, fortau og gang- og sykkelveg ikkje vart godt nok utgreidd i første omgang. Administrasjonen meiner det er urimeleg at utbyggjar skal verte pålagt ei slik stor endring når det ligg føre ein nyleg godkjent reguleringsplan for området. Administrasjonen meiner at omlegging av krysset for å stette vegvesenet sine krav, lyt vurderast i ein annan og seinare prosess.

Statens vegvesen skriv 5.2.15 til forslagsstillar at det lyt søker om fråvik frå vegnormalen, og slik søknad vart sendt til Statens vegvesen 15.5. 2015.

Statens vegvesen skriv no 27.8.15, at fråviksgruppa ber om at det vert gjennomført ei risikovurdering av tiltaket.

Administrasjonen ser at det no har gått eit år og 8 mnd. sidan varsel om oppstart i februar 2014, og me har enda ikkje klart å få realisert ny forretning i eksisterande forretningsbygg, noko me i utgangspunktet tenkte var ei lita endring av eksisterande plan.

Me meiner at veganlegget som undergangen genererer vert eit därleg alternativ med lange omvegar, og me er redd fotgengarane i området i stor grad vil krysse fylkesvegen i staden for å nytte planlagt undergang. Me ynskjer at fartsgrensa heller skal setjast ned slik at me kan lage fotgengarovergang over

fv. 564. Dette har me hatt mange rundar med vegvesenet om i samband med kommuneplanprosessen utan å nå fram, og me prøver no på nytt, særleg fordi ting tek så lang tid utan resultat.

Trafikksikring for Fløksand – Vikebø ligg i dag inne i forslag til Nordhordlandspakken som prioritet nr. 4, og me meiner at eventuell undergang må vurderast på nytt i denne prosessen.

Me bed om at de ser på saka, og på førehand takk.

*Med venleg helsing*

Anne-Lise Olsen  
Fagansvarleg Plan  
Tlf. 56171000/1173  
e-post: [anne.lise.olsen@meland.kommune.no](mailto:anne.lise.olsen@meland.kommune.no)

